

Alver Kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG



Seim 18. september 2020

Klage på faktura og saksbehandlingsfeil.

Fakturanummer: 500 00 603

Sak 20/9846, bygging av terrasse – gbnr 165/8 Hjelmtveit

Syner til søknad datert 11. mai 2020, med 3 vekers behandlingstid. Det blei spurt om det var manglar ved søknaden, noko sakshandsamar avviste at det var. Deretter kjem det melding om at tiltaket ligg for nære Espelandsvatnet, og at det difor må søkjast om dispensasjon. Grunngevinga var at avstanden måtte vera minimum 50 meter. At dette førte til at sakshandsamingstida vart auka med fleire veker, vart ikkje eg som søkjar informert om.

Då løyve kom, datert 18. august 2020, syner det seg at det ikkje var naudsynt med ein dispensasjonssøknad likevel. Grunngevinga var at avstanden til Espelandsvatnet måtte vera minimum 20 meter, og ikkje 50 meter.

Når ein sender ein søknad til kommunen for handsaming, må ein kunna forventa at sakshandsamar har den naudsynte kompetanse, eller tileignar seg til denne. I dette tilfellet har det som ser ut som manglande kompetanse ført til unaudsynt lang sakshandsamingstid og auka utgifter for meg i forbindelse med innkjøp av material.

Då faktura kom vart sakshandsamar kontakta, 2. september 2020, og det vart klaga på handsaminga og faktura. Sakshandsamar skulle kontakta sin leiar, for så å komma med ei tilbakemelding til meg som søkjar. Denne tilbakemeldinga er ikkje komen per 18. september 2020.

Ut frå dette forventar eg at sakshandsamingsgebyret blir sletta.

Helsing Jostein Hjelmtveit.

A handwritten signature in black ink that reads "Jostein Hjelmtveit".